Hardangerrådet

ÅRSMØTET 2026 I HARDANGERRÅDET IKS

Dato: Fredag 27.3.2026
Stad: Nye Kvam vgs, Norheimsund
Tid: Klokka 09.00 - 10.00

Kl. 09.00 - 10.00	**Årsmøte Hardangerrådet IKS** **Representantskapet er Årsmøte**

Årsmøtesak 01/26	**Godkjenning av innkalling og agenda.** - **Val av møteleiar** - **To representantar til å skriva under møteboka.**
Årsmøtesak 02/26	**Årsmelding 2025 og Rekneskap 2025** Vedlegg 1 og 2
Årsmøtesak 03/26	**Rammebudsjett 2026 og økonomiplan 2027-2030** Vedlegg 3
Årsmøtesak 04/26	**Arbeidsplan 2026 - 2027** Vedlegg 4
Årsmøtesak 05/26	**Val av rekneskapsførar og revisor for 2027**
Årsmøtesak 06/26	**Godtgjersle til styret for 2026**
Årsmøtesak 07/26	**Val av styre**
Årsmøtesak 08/26	**Innkomne saker**

Andre saker til Årsmøtet 2026 må vera styret i hende innan 13.3.2026

Representantar som ikkje kan møta gir melding om dette til Trude L. Rinaldo i Hardangerrådet 489 54 550 og kallar sjølve inn vararepresentantar.

Kinsarvik 26.2.2026
Hardangerrådet iks

Jens Olav Holven/s
Rådsordførar

Ann Irene Myrheim/s
Dagleg leiar

Kopi: Ulvik herad, Kvam herad, Eidfjord kommune og Ullensvang kommune.

Hardangerrådet iks

Hardanger

Årsmøtesaker Hardangerrådet iks 27.3.2026

Årsmøtesak 1/26 **Årsmelding 2025 og Rekneskap 2025 (Årsmøtevedlegg 1 og 2)**

Styret skal leggja fram Årsmelding og Revidert rekneskap 2025 for årsmøte i Representantskapet. Vestlandsrevisjon reviderer rekneskapen når han er underskriven av styret saman med årsmeldinga. Dette vert lagt fram for årsmøtet.
I denne saka ligg vedlagt framlegg til årsmelding 2025 og rekneskap 2025 frå styret.

Årsmeldinga 2025 oppsummerer både formelle fakta og eit utdrag av aktiviteten gjennom året. Her balanserer ein mellom omsyna til informasjon og omfang.

Årsmeldinga viser til aktivitetar det har vore fokus på i rapporteringsåret. Hardangerrådet iks spreier seg på mange tema. I den kommunale kvardagen viser det seg at regionen treng politisk samordning i tenesteproduksjon og i næringsarbeidet.

Rekneskapen 2025 for Hardangerrådet iks er sett opp etter rekneskapslova som vanleg. Rekneskapen viser totalaktiviteten vår medrekna restmidlar frå næringsfondet, kraftlinemidlane og prosjekt. Hardangerrådet iks held likviditet til drift av prosjekt mellom løpande utbetaling og løyving frå finansieringskjelder. Hardangerrådet iks har ein god eigenkapital i høve aktiviteten, opparbeidd sidan 2002, og overskot/underskot vert ført mot denne.

Også for 2025 har økonomirapporteringa til styret vore tertialvis. Styret har korrigert budsjett og økonomisk aktivitet i tråd med tertialmeldingane frå rekneskapsførar. Hardangerrådet iks hadde i 2025 omsetning på om lag 6,6 mill. kr. inklusive restmidlar næringsfond og Kraftlinefondet. Resultatrekneskapen for heile Hardangerrådet iks viser driftsresultat med overskot på kr 437.912.
Resultatrekneskapen varierar frå år til år og vert regulert via eigenkapitalen i selskapet, som pr 31.12.25 er på kr 4.033.144 medrekna bunden eigenkapital på 92.000 kr. Det er viktig for Hardangerrådet iks å ha god eigenkapital og likviditet for at ein tåler å driva prosjektarbeid. Prosjektaktivitet er nødvendig for utviklinga av Hardanger, er nyttig inntektskjelde for Hardangerrådet iks og buffer for Pensjonsansvaret til selskapet. Det rekneskapsmessige resultatet av Prosjekt 1 (kontordrifta i Hardangerrådet iks) i 2025 viser det same overskotet på kr 437.912, avstemt for dei prosjekta som skal førast i balanse.

Hardangerrådet iks har ikkje avgiftspliktig salg, fordi omsetningen er under 50.000. (Dette gjeld Merkevara Hardanger).

<u>Framlegg til vedtak Årsmøtesak 1/26:</u>

<u>Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjera slikt vedtak:</u>

a) Årsmelding for Hardangerrådet iks 2025 vert vedteken slik den ligg føre

b) Rekneskapen for Hardangerrådet iks 2025 vert vedteken slik den ligg føre.

Årsmøtesak 2/26 **Rammebudsjett 2026 og Økonomiplan 2027 - 2030. (Årsmøtevedlegg 3)**

Systemet for budsjettering i Hardangerrådet iks er slik at Representantskapet gjer vedtak om eit rammebudsjett og ein 4 årleg økonomiplan på årsmøtet. Rammebudsjettet er 1. året i økonomiplanen. Spørsmålet om eit årleg detaljbudsjett er vanleg å delegera til styret som fastset det i eit møte før årsskiftet. Økonomiplanen gjeld for perioden 2027-2030.

Framlegg til vedtak Årsmøtesak 2/26:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjera slikt vedtak:

a) Rammebudsjettet for 2026 og økonomiplan 2027-2030 vert godkjent slik dei ligg føre. Styret ber eigarane sine om å auke kontingenten med kr 500 000,- frå 2027. Ellers er styret pliktig til å ta ned aktiviteten i selskapet.

b) Styret får fullmakt til å vedta detaljbudsjett 2026 med justeringar innanfor rammebudsjettet 2026.

Årsmøtesak 3/26 **Arbeidsplan 2026 - 2027 (Årsmøtevedlegg 4)**

I følgje vedtektene skal årsmøtet vedta ein arbeidsplan for selskapet.
Arbeidsplanen 2026 - 2027 byggjer på den vedtekne strategiplanen.

Framlegg til vedtak Årsmøtesak 3/26:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjera slikt vedtak:
Arbeidsplan for Hardangerrådet iks 2026 - 2027 vert vedteken slik han ligg føre, men gjer merksam på at den kan verta forandra grunna arbeid med ny strategiplan.
Årsmøtet delegerar til Representantskapet å godkjenna endringar i arbeidsplanen dersom dette vert aktuelt.

Årsmøtesak 4/26 **Val av rekneskapsførar og revisor for 2027.**

Årsmøtet skal i følgje Selskapsavtalen velja rekneskapsførar og revisor kvart år.
Ved forrige årsmøte fekk styret fullmakt til å endre regnskapsfører. Styret i Hardangerrådet iks gjorde 26.2.2026 vedtak om å inngå avtale med Alma Rekneskap i løpet av 2026.
Sparebank 1 Sør-Norge Forretningspartner var valt til rekneskapsførar og Vestlandsrevisjon IKS til revisor for 2026 for Hardangerrådet iks.

Framlegg til vedtak Årsmøtesak 4/26:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjer slikt vedtak:

a) Vestlandsrevisjon IKS vert valt til revisor for Hardangerrådet iks for 2027.

b) Alma Rekneskap vert vald til rekneskapsførar for Hardangerrådet iks 2027.

Årsmøtesak 5/26 Godtgjersle til styret for 2026

Årsmøte 2025 gjorde slikt vedtak i Årsmøtesak 05/25:
"***Vedtak Årsmøtesak 05/25:***
Godtgjersle til styret i Hardangerrådet iks for 2025 vert:
Styreleiargodtgjersle kr 12.000,-
Møtegodtgjersle kr 2.000,- pr møte"

Framlegg til vedtak Årsmøtesak 5/26
Ingen framlegg til vedtak

Årsmøtesak 6/26 Val av styre

I følgje Lov om IKS § 10 skal Representantskapet velja styre og ifølgje Selskapsavtalen skal årsmøtet velja funksjonane, leiar og nestleiar. Det er 2-årige valperiodar og valet er for 2 og 1 av medlemmene annakvart år. Varamedlemmene er valde for eitt år om gongen. Begge kjønn skal vera representert i styret og på varalista. I 2012 vart det bestemt at rådsordførar er valnemnd.

På val i år er styremedlem og nestleiar Solfrid Horne-Moe, samt vara- medlemmene som skal veljast kvart år.
Likeeins skal årsmøtet velja styreleiar og nestleiar for 1 år.

Styremedlem	Jon Olav Heggseth	2025 - 2027 sit
Styremedlem	Solfrid Horne-Moe	2024 - 2026 på val
Styremedlem	Gunnar Skeie	2025 - 2027 sit
Styreleiar	Jon Olav Heggseth	2025 - 2026 på val
Nestleiar	Solfrid Horne-Moe	2025 - 2026 på val
1. varamedlem	Anders Vatle	2025 - 2026 på val
2. varamedlem	Oda Medhus	2025 - 2026 på val

<u>Framlegg til vedtak Årsmøtesak 6/26:</u>
Ingen framlegg til vedtak

Andre saker til årsmøtet 2026 må vera styret i hende innan 13.3.2026.

Hardangerrådet

Årsmelding 2025

Hardangerrådet iks

Årsmelding for 2025
Hardangerrådet iks

Innhald:

Innleiing - Oppsummering

Organisasjon

- Generelt
- Målsetjingar
- Strategiar
- Styret 2025
- Regionrådet/ Representantskapet 2023-2027
- Hardingtinget 2025
- Rådmannsforum 2025
- Team Hardanger 2025
- Hardanger og Voss Ungdomsråd 2025
- Andre representasjonar 2025
- Administrasjon og personale
- Pensjon og KS-medlemskap
- Rekneskap og revisjon
- Fjordvegen Riksveg 13

Møte og saker i Hardangerrådet

- Styret
- Representantskapet/Regionrådet
  - Inviterte til Hardangerrådet for å gje orienteringar
  - Viktige aktivitetar og prosjekt i 2025 for Hardangerrådet iks har vore m.a:
  - Uttalar/høyringssvar
- Hardingtinget 2025
- Rådmannsforum
- Hardanger og Voss Ungdomsråd
- Partnerskapsavtale med Vestland Fylkeskommune
- Turistbåtruta
- Samarbeidsrelasjonar
- Presentasjon i alle kommunane av ny dagleg leiar.

Nærings- og etablerartenest

- Hardangerkonferansen 2025
- Hardanger kulturråd
- Team Hardanger 2025
- Kompetanseforum Hardanger Voss
- Forskingsprosjektet Fjernarbeidsplassar
- Rein Hardangerfjord
- www.hardanger.com

Økonomi / rekneskap

Vidare drift

Diverse

- Arbeidsmiljø og personale.
- Likestilling.
- Miljø.

Innleiing – oppsummering aktivitet

Styret i Hardangerrådet iks legg med dette fram årsmelding og rekneskap for året 2025. Oppgåvene i Hardangerrådet iks er varierte og spenner vidt. Grunnlaget for aktivitetane i Hardangerrådet iks er årsmøtevedteken arbeidsplan.

Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid og skapa merverdi. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

Organisasjonen

Generelt

Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap, oppretta med heimel i lov om iks av 29.01.1999 nr. 6, med kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik som medlemmar i dag.

Føremål: Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid.

Føresetnad: Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

Målsetjingar

Hovudmålet med det interkommunale samarbeidet er:

1. Å byggja ein sterk region med samhandling, løysingar og nettverk på tvers av kommunane.
2. Å vera eit strategisk organ for Hardanger og bidra til ei berekraftig utvikling og styrking av regionen på ulike arenaer gjennom å ha ei nøkkelrolle i forhold til regional fornying, innovasjon og omstilling.
3. Å driva regional utvikling med fokus på breie og opne prosessar utøvd på tvers av sektorar, oppgåver og nettverk.
4. Å utvikla regionen gjennom samarbeid mellom kommunane med fokus på identitet, attraktivitet, næring, kompetanse, skule og helse.
5. Å gje felles fråsegner på vegne av kommunane overfor fylke, sentrale styresmakter og andre i saker der dette er naturleg.
6. Å samarbeida med andre regionråd og driva aktiv distriktspolitisk og arbeida for å fremja viktige regionale saker, både internt men også overfor styresmakter på fylkes- og statleg nivå.
7. Hardangerrådet skal i si verksemd utgjera ein meirverdi for medlemskommunane i høve til å forsterka interessene deira inn mot regionale og sentrale styresmakter.

Strategiar

1. **Regional utvikling** : Distriktspolitisk arbeid, samarbeid mellom regionråd, attraktivitet, aktivitet, kultur, digitalisering, omdøme/vertskap.
2. **Innbyggjarar:** Demografi, kompetanse, lytta til ungdomane, innsats for tilflytting.
3. **Næringsutvikling** : Viktige næringar, utdanning, heilårsarbeidsplassar, rett kompetanse, attraktivitet.
4. **Infrastruktur**: Samferdsel og digital infrastruktur/5G
5. **Smart innovasjon**: Betre utnytting av ressursar, arbeidstakarar, forvaltningssystem, utvikling, attraktivitet.

Med utgangspunkt i målsetjingar og strategiar arbeider Hardangerrådet etter godkjent arbeidsplan. Denne årsmeldinga er ein samanfatta status for 2024.

Styret 2025:

Styreleiar:	Jon Olav Heggseth, Øvragardsvegen 172, 5730 Ulvik
Nestleiar:	Solfrid Horne-Moe, Langåkervn. 11, 5770 Tyssedal
Styremedlem:	Gunnar Skeie, Hardangerfjordvegen 350, 5610 Øystese
1. varamedlem:	Anders Vatle, Lægreidsvegen 50, 5783 Eidfjord
2. varamedlem:	Oda Medhus, Evjevegen 11, 5783 Eidfjord

Rådsordførar har møte- og talerett i styremøter. Dagleg leiar er sekretær for styret.

Rådsordførar:	Timo Knoch (Ap), Eidfjord
Rådsvaraordførar:	Jens Olav Holven (Sp), Ulvik

Regionrådet/Representantskapet 2023-2027

Ordførar er representant med varaordførar som vararepresentant.

	Ordførar:	Varaordførar:
Eidfjord kommune:	Timo Knoch (Ap)	Kari Lægreid (Sp)
Kvam herad:	Torgeir Næss (Ap)	Frode Nygård (Frp)
Ullensvang kommune:	Roald Aga Haug (Ap)	Inger Synnøve Vestrheim (H)
Ulvik herad:	Jens Olav Holven (Sp)	Stig Yngve Røkenes (H)

Hardingtinget 2025

Hardingtinget er samansett av formannskapa i dei 4 Hardangerkommunane, no totalt 32 representantar inklusive ordførarane: Eidfjord og Ulvik har 5 representantar kvar, Kvam har 9 og Ullensvang 13 representantar.

Rådmannsforum 2025

Magnus Steigedal	Rådmann Eidfjord, Leiar
Thore Hopperstad	Kommunedirektør Ulvik, Nestleiar
Anita Hesthamar	Rådmann Kvam
Ole-Jørgen Jondahl	Rådmann Ullensvang

Team Hardanger/Næring

Lisbeth Bygstad Celik	Eidfjord kommune, Leiar
Randi Rykkje	Ullensvang kommune, Nestleiar
Mona Hellesnes	Ulvik herad
Jan Tjosås	Kvam herad

Hardanger og Voss Ungdomsråd(HVU) 2025

Alexander Nitter - Leiar HVU	Kvam ungdomsråd, Leiar
Hallvard Valland Nordheim	Kvam Ungdomsråd, Nestleiar
Anders Myklatun Hole	Eidfjord Ungdomsråd, Leiar
Eivind Bu	Eidfjord Ungdomsråd, Nestleiar
Najma Abdi Jama	Ullensvang Ungdomsråd, Leiar
Isak Bayati	Ullensvang Ungdomsråd, Nestleiar
Emma Saathoff	Ulvik Ungdomsråd, Leiar
Hedda Halstengård	Ulvik Ungdomsråd, Nestleiar
Håkon Skjoldli , nestleiar HVU	Voss Ungdomsråd, Leiar
Øyunn Finne Marø,	Voss Ungdomsråd, Nestleiar

Andre representasjonar i 2025

- Styret i Visit Hardangerfjord: Rådsordførar Timo Knoch med rådsvaraordførar Jens Olav Holven som vararepresentant.
- Politisk samarbeidsgruppe for utforming av Vestland sin fyrste klimaplan: Timo Knoch
- Styringsgruppe for regional reiselivsplan for Hardanger: Regionrådet
- Årsmøte Fjordvegen Riksveg 13: Ann Irene Myrheim

Administrasjon og personale

Ann Irene Myrheim,	Dagleg leiar
Trude Lægreid Rinaldo,	Konsulent
Hanne Sundbø	Seniorkonsulent Fjordvegen Rute 13 i 50% stilling til og med 31.01.2025

Pensjon, KS-medlemskap og andre medlemskap

Hardangerrådet iks er medlem av KLP – Kommunal Landspensjonskasse
Hardangerrådet iks er medlem av KS Bedrift.
Hardangerrådet iks er medlem av Samfunnsbedriftene.
Hardangerrådet iks er medlem av Fjordvegen Riksveg 13

Rekneskap og revisjon

Tveit Regnskap AS/ Sparebank 1-Forretningspartner var i 2025 rekneskapsførar for regionrådet og prosjekt, der lønskøyring også inngår i avtalen.
Vestlandsrevisjon IKS er valt revisor for 2025.

Fjordvegen Riksveg 13

Administrativ leiing av Fjordvegen Rv 13 med tilsetjing ny dagleg leiar i november 2025.
Etter dette har Hardangerrådet iks avslutta salg av sekretærtenester og dagleg leiar funksjon til Fjordvegen Riksveg, og fakturerte dei kr 254.422,50 for tenester dette året.
Tilsett Hanne Sundby gjekk av med pensjon 1.2.2025.
Hardangerrådet har sendt avtale om inndekning av framtidige utgifter knytt til pensjon for Hanne Sundbø til styret i Fjordvegen Riksveg 13. Avtalen avventar endelig signering av styreleiar, Martha Sofie Vange, i Fjordvegen Riksveg 13.

Møter og saker i Hardangerrådet iks

Styret

Styret hadde 4 styremøter i 2025 og handsama 31 saker.

Styreleiar deltok på årsmøtet i Hardangerrådet iks.
Saker i styret m.a.:

- Arbeid med budsjett, årsmelding og rekneskap
- KLP fordringar iht tidlegare Granvin.
- Organisering av Hardangerrådet i IPR og IKS
- Avtala arbeids- og lønsvilkår for dei tilsette
- Avklaring av moglege administrative tenester iht Fjordvegen Riksveg 13

Representantskapet/Regionrådet

Regionrådet hadde 7 rådsmøter derav 2 felles med rådmannsforum og eit fellesmøte med Sunnhordlandsrådet, og handsama 53 saker i tillegg til eit tal orienterings- og drøftingssaker.

Inviterte til Hardangerrådet for å gje orienteringar:

- Investeringsfondet Hardanger Voss v/ Per Berge
- Erfaringsdeling Merkesertifisering v/ Hilde Eide Helleland, Visit Sunnhordland
- Ny regional reiselivsstrategi for Hardanger v/ Margit Lund-Mikkelsen, Visit Hardangerfjord og Toriell Olsson, Mimir
- Framtidsfylket v/ Linda Hovland
- Prosjekt for arbeidsinkludering v/ Sarifa Moola Nernes, Grannehjelpa i Kvam
- Orientering om sertifisering Hardanger som berekraftig reisemål v/ Margit Lund-Mikkelsen
- Presentasjon Siderprodusentane og søknad om klyngestatus v/ Eirik Lekve Eide.
- Stormøte om Turistbåtrute på Hardangerfjorden v/ Lars Skeide på vegne av VLFK

Viktige aktivitetar og prosjekt i 2025 for Hardangerrådet iks har vore m.a:

- Turistbåtruta 2025 og 2026 Finansieringsplan for 2025 og 2026 for sikring av drift. Vidare arbeid med kommersiell drift frå 2027
- Stormøte om Turistbåtrute på Hardangerfjorden v/ Lars Skeide på vegne av VLFK
- Koordinering besøk av Nasjonal Rassikringsgruppe i Hardanger
- Rullering RTP og innspel NTP 2029-2040
- Samarbeid med Næringshagane i Hardanger og Voss og Næringshagen i Ullensvang
- Ny strategisk reiselivsplan, besøksforvaltning, besøksbidrag og bærekraftig reiseliv i regi av Visit Hardangerfjord
- Kraftturisme prosjektet og felles reiselivsprosjekt i regionen
- Høyringsinstans med uttale på vegne av regionen
- Interkommunalt samarbeid og organisering
- Samarbeid regionråda i Vestland og med IPR Norge
- Matarena og Norsk Smaksskule

Hardingtinget 2025

Hardangerrådet iks er arrangør av Hardingtinget kvart år, for innhald og gjennomføring.
Hardingtinget består av alle formannskapsmedlemmane i dei 4 Hardangerkommunane, i alt 32 representantar, samt rådmenna.
Dette er ein viktig møteplass for regionalt samarbeid og utvikling av Hardanger.

Hardingtinget 2025 hadde desse overskriftene:

1. Nettverk og samarbeid
2. Ny reiselivsstrategi i Hardanger og besøksforvaltning
3. Hardanger og Voss ungdomsråd
4. Fjernarbeid Fase 2
5. Framtidsutsikter for Hardanger

Rådmannsforum

Rådmannsforum hadde 6 møter der 2 var felles med Hardangerrådet, 1 felles med Sunnhordland/Hardanger.
Rådmannsforum deltek på Hardingtinget og Hardangerkonferansen.

Hardanger og Voss Ungdomsråd

Hardangerrådet iks er sekretariat for Hardanger og Voss Ungdomsråd.
HVU hadde 6 møter i 2025. Leiar er Alexander Nitter, Kvam ungdomsråd, nestleiar var Håkon Skjoldli, Voss ungdomsråd.
Ungdommen oppmodar kommunane til å stå opp for dei unge, også i tider med stram økonomi.

Partnerskapsavtale med Vestland Fylkeskommune

Hardangerrådet iks har partnarskapsavtale med Vestland fylkeskommune, til liks med dei 4 andre regionråda i fylket vårt. Denne avtalen skal styrkja samarbeid mellom regionane i fylket vårt og fremja berekraftig utvikling. Viktiga ansvarsområdet i avtalen er:

- Begge partar skal informere kvarandre om viktige arrangement og synleggjere samarbeidet på relevante arenaer
- Samarbeida om å identifisere og løyse felles utfordringar innan område som oppvekst, klima og miljø, infrastruktur, arealforvaltning, næringsutvikling og samferdsel
- Regionråda kan dra nytte av ressursar og kompetanse som fylkeskommunen og fylkeskommunen sitt nettverk rår over
- Regionråda gir høyringsuttalar til regionale planar, temaplanar og strategiar, og kan bidra i prosessen med å utarbeide planane der dette er aktuelt
- Regionråda deltek i aktuelle nettverk, forum og råd i regi av fylkeskommunen, og referat og oppfølging skal forankrast i Regionrådet

Turistbåtruta

I 2025 lukkast Hardangerrådet, i samarbeid med kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang og Ulvik og Sparebankstiftinga Hardanger, med å få starta opp att sal av billettar til turistbåtruta i Hardanger ved å sikra finansiering for drift i 2025-sesongen.
I perioden frå mai til og med september hadde ruta om lag 20 000 reisande på Hardangerfjorden.

Vidare vart det i 2025 lagt på plass ein finansieringsmodell for 2026, der kommunane og Sparebankstiftinga Hardanger bidrog med 1 million kroner kvar, supplert med 230 000 kroner frå reiselivsnæringa. Resterande finansiering vert henta inn gjennom prisauke frå Norled.
I desember 2025 fekk dermed Hardangerrådet stadfesting frå Vestland fylkeskommune på at ruta for 2026 vil gå i sesonge 1. mai til 30. september.

Samstundes starta Hardangerrådet i 2025 arbeid med å leggja til rette for kommersielle aktørar, med mål om å få på plass ei berekraftig og kommersiell båtrute frå Hardangerfjorden frå 2027.

Samarbeidsrelasjonar

Hardangerrådet har også mange andre viktige relasjonar i tillegg til fylkeskommunen. Me kan nemna Statsforvaltaren i Vestland, Innovasjon Norge og KS-Vestland, samt med dei andre regionråda i heile Vestland. Dette for gjensidig informasjon og påverknad og kontakten varierer etter kva saker som skal løysast.

Nærings- og etablerartenest

Hardangerkonferansen 2025

Hardangerrådet iks er arrangør for Hardangerkonferansen kvart år.
Konferansen er ein viktig møteplass for næringsliv og det offentlege, for nettverk og utvikling av heile Hardanger.
Ca. deltakarar deltok på lunsj til lunsj samling i Hotell Ullensvang på Lofthus med tema:
Næringslivet sine utfordringar i møte med det offentlege.
Konferansen var eit samarbeid mellom Sparebankstiftinga Hardanger, Sparebanken Norge, Ullensvang kommune og Hardangerrådet iks.

Hardanger kulturråd

Hardangerrådet iks er sekretariat for Hardanger kulturråd, som er eit samarbeids- og rådgjevande organ oppretta av kommunane.
Rådet har hatt 1 møte i 2025, men er eit godt viktig nettverk for drøfting og deling av erfaring.
Hardangerrådet iks er også administrator og sekretariat for Regionalt Kulturfond Hardanger, medan Hardanger kulturråd er tildelingsnemnd.

Team Hardanger

Hardangerrådet er sekretariat for Team Hardanger, er eit nettverk av Hardanger sine kommunale og regionale næringsansvarlege og etablerarrettleiarar, leiarane i dei to næringshagane i Hardanger og dagleg leiar i Visit Hardangerfjord. TH har i 2025 vore leia av Lisbeth Bygstad Celik, Kommunalsjef kultur, næring og berekraft i Eidfjord kommune.
TH har hatt 5 møter i 2025, samt delteke på Hardingtinget og Hardangerkonferansen.

Kompetanseforum Hardanger-Voss

Hardangerrådet iks er leiar av "Kompetanseforum Hardanger Voss" på vegne av Vestland fylkeskommune og del av kompetanseforum Vestland, samarbeidsorganet for kompetanse- arbeid i regionen. Målet er rett kompetanse til rett tid på rett stad. Nettverket er sammensatt av næringsliv, skular, kommunar, NAV, opplæringskontora og fylkeskommunen nettopp for at tilbud og etterspørsel av kompetanse og arbeid er i balanse i lokalsamfunnet vårt. Hardangerrådet iks er ansvarleg for innhald, møter og framdrift i regionen vår.

Forskingsprosjekt: Fjernarbeidsplassar

Hardangerrådet iks saman med NORCE har forska på fjernarbeid og kva moglegheiter det gjev. Fase 1 såg på frå arbeidsgjevar ståstad, fase 2 frå arbeidstakar sin ståstad.
Faktum er at omlag 50% av alle jobbar i Norge kan utførast kor som helst. Det gjev mange moglegheit til å busetja seg der dei vil og sårt trengte kompetansearbeidsplassar spreidd over heile landet. Arbeidet fortset med pilotering og framtidsretta utvikling, i eit prosjekt finansiert av Vestland fylkeskommune og Hardangerrådet. Her skal me blant anna sjå på kontorfellesskap og utvikling av fjernarbeidsleiing. For meir informasjon: hardanger.com

Rein Hardangerfjord

Hardangerrådet med kommunane i Hardanger er med og driv prosjektet "Rein Hardangerfjord" - "Me berre gjer da". 2025 var år 4 av det 5-årige prosjektet. Alvsaker var hovudsete for aksjonen dette året. I vår del av Hardangerfjorden er det mindre plast, men nærare kysten ser ein tydeleg behovet. Ikkje berre rydding, men fokus på plast og kva me kan gjera for å minska utfordringane har vore sentralt gjennom prosjektet. I 2026 er det 5-årige forskingsprosjektet ferdig, me er spente på resultata. Kva kan ny kunnskap gjera for arbeidet med dei enorme plastutfordringane i verda?

www.hardanger.com

www.hardanger.com er ein felles nettstad for Hardanger. Hardangerrådet si heimeside ligg her.

Økonomi/rekneskap

Resultatrekneskapen for drifta av Hardangerrådet iks i 2025 viser driftsresultat med overskot på kr. 437.912. Over-/underskot varierer frå år til år og vert regulerte via eigenkapitalen/ disposisjonsfondet i selskapet, som pr 31.12.25 er på kr 4.033.144 medrekna bunden eigenkapital på 92.000 kr.

Det er viktig for Hardangerrådet iks å ha god eigenkapital og likviditet for at ein tåler å driva prosjektarbeid. Prosjektaktivitet er nødvendig for utviklinga av Hardanger, ei nyttig inntektskjelde for Hardangerrådet iks og buffer for pensjonsansvaret til selskapet.
Det rekneskapsmessige resultatet av Prosjekt 1 (kontordrifta i Hardangerrådet iks) i 2025 viser det same overskotet på kr 437.912, avstemt for dei prosjekta som skal førast i balanse.
Konklusjonen er at Hardangerrådet iks i sum har ei sunn økonomistyring.

Hardangerrådet har ikkje avgiftspliktig salg, fordi omsetningen er under 50 000.
(Dette gjeld Merkevare Hardanger).

Vidare drift

Årsoppgjeret er avlagt under føresetnader om vidare drift. Til grunn for dette ligg resultatprognose for 2025 og selskapet si strategiske prognosar for åra framover.
Styret har vedteke framleis drift med 2 tilsette i 100%, jmf vedtak styrevedtak 15/25 Personal
Selskapet har ei sunn økonomisk og finansiell stilling.

Diverse

Arbeidsmiljø og personale

Sjukefråværet i selskapet er ubetydeleg, og tiltak på dette området er ikkje planlagde. Det er ikkje rapportert om arbeidsuhell eller ulukker i selskapet i 2021. Arbeidsmiljøet er godt og samarbeidet mellom tilsette, styret, regionrådet, rådmannsforum og prosjektleiing er konstruktivt for selskapet.

Likestilling

Selskapet har tilsett 2 kvinner. I selskapet sitt styre er det 1 kvinne og 2 menn. Som Varamedlemmer til styret er 1 mann og 1 kvinne.

Miljø

Hardangerrådet iks si drift ureinar ikkje det ytre miljøet.

Kinsarvik 26.02.2026

Jon Olav Heggseth
Styreleiar

Solfrid Horne-Moe
Nestleiar

Gunnar Skeie
Styremedlem

Ann Irene Myrheim
Dagleg leiar

Årsregnskap for

HARDANGERRÅDET IKS

980045412

Regnskapsår
01.01.2025 - 31.12.2025

Resultatregnskap

	Note	2025	2024
Driftsinntekter			
Tilskudd og refusjoner		6 641 607	5 188 116
Sum driftsinntekter		**6 641 607**	**5 188 116**
Driftskostnader			
Prosjektkostnader		-2 796 951	-1 545 805
Lønnskostnad	1, 2, 3	-2 288 422	-1 150 818
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	4	-6 691	-4 014
Annen driftskostnad		-1 185 084	-1 108 396
Sum driftskostnader		**-6 277 147**	**-3 809 032**
Driftsresultat		**364 460**	**1 379 084**
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		70 223	67 908
Annen finansinntekt		9 854	0
Sum finansinntekter		**80 077**	**67 908**
Finanskostnader			
Annen rentekostnad		-607	-46
Sum finanskostnader		**-607**	**-46**
Netto finans		**79 470**	**67 862**
Årsresultat		**443 930**	**1 446 945**
Overføringer			
+Til disposisjonsfond/-fra disposisjonsfond		443 930	1 446 945
Sum overføringer		**443 930**	**1 446 945**

Balanse

	Note	31.12.2025	31.12.2024
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner, ol.	4	0	6 692
Sum varige driftsmidler		**0**	**6 692**
Finansielle anleggsmidler			
Egenkapitalinnskudd KLP		343 602	317 089
Sum finansielle anleggsmidler		**343 602**	**317 089**
Sum anleggsmidler		**343 602**	**323 781**
Omløpsmidler			
Varer			
Varer		21 400	38 850
Sum varer		**21 400**	**38 850**
Fordringer			
Kundefordringer		44 600	1 151 395
Andre kortsiktige fordringer		333 016	277 161
Sum fordringer		**377 616**	**1 428 555**
Bankinnskudd, kontanter og lignende			
Bankinnskudd, kontanter og lignende	5	5 267 732	4 232 380
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende		**5 267 732**	**4 232 380**
Sum omløpsmidler		**5 666 748**	**5 699 785**
SUM EIENDELER		**6 010 350**	**6 023 566**

HARDANGERRÅDET IKS
980 045 412

Balanse

	Note	31.12.2025	31.12.2024
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Annen innskutt egenkapital	6	92 000	92 000
Sum innskutt egenkapital		**92 000**	**92 000**
Opptjent egenkapital			
Disposisjonsfond		3 941 144	3 497 215
Sum opptjent egenkapital		**3 941 144**	**3 497 215**
Sum egenkapital		**4 033 144**	**3 589 215**
Gjeld			
Avsetning og forpliktelser			
Andre avsetninger for forpliktelser		373 000	373 000
Sum avsetning for forpliktelser		**373 000**	**373 000**
Annen langsiktig gjeld			
Kraftlinjefondet	7	520 232	503 483
Næringsfondet	8	138 160	142 276
Regionalt kulturfond	9	201 280	276 280
Sum annen langsiktig gjeld		**859 672**	**922 039**
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		110 680	66 594
Skyldige offentlige avgifter	5	176 784	77 098
Annen kortsiktig gjeld		457 070	995 620
Sum kortsiktig gjeld		**744 534**	**1 139 312**
Sum gjeld		**1 977 206**	**2 434 352**
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		**6 010 350**	**6 023 566**

KINSARVIK, 26.02.2026

Jon Olav Heggseth
styrets leder

Solfrid Horne-Moe
nestleder

Gunnar Skeie
styremedlem

Ann Irene Eliassen Myrheim
daglig leder

Noter

Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

Salgsinntekter
Inntektsføring av tilskudd skjer når kostnadene tilskuddet gjelder påløper. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

Klassifisering og vurdering av balanseposter
Anleggsmidler er eiendeler bestemt til varig eie eller bruk. Eiendeler som er knyttet til varekretsløpet er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer klassifiseres som omløpsmidler hvis de forfaller til betaling innen ett år etter transaksjonsdagen. Tilsvarende klassifiseres gjeld som kortsiktig hvis gjelden forfaller til betaling innen ett år.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost. Varige anleggsmidler avskrives etter en fornuftig avskrivningsplan. Anleggsmidlene nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som ikke forventes å være forbigående. Langsiktig gjeld med unntak av andre avsetninger balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringer
Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuelle vurderinger av de enkelte fordringene.

Varebeholdninger
Lager av innkjøpte varer er verdsatt til laveste verdi av anskaffelseskost etter FIFO- prinsippet og virkelig verdi. Det foretas nedskrivning for påregnelig ukurans.

Varige driftsmidler
Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlenes levetid dersom de har antatt levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 30 000. Direkte vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader, mens påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

Forøvrig er følgende regnskapsprinsipper anvendt:
Forsikret pensjonsforpliktelse er ikke balanseført - kostnaden er lik premien. Leieavtaler er ikke balanseført. Fordringer og gjeld i utenlandsk valuta er verdsatt til kursen ved regnskapsårets slutt. Kursgevinster og kurstap i utenlandsk valuta føres som finansinntekt og finanskosntad.

Selskapet har ikke endret regnskapsprinsipp fra 2024 til 2025.

Note 1 - Lønnskostnader

Spesifikasjon av lønnskostnader	2025	2024
Lønn	1 912 026	708 722
Arbeidsgiveravgift	223 378	163 743
Pensjonskostnader	109 071	238 797
Andre relaterte ytelser	43 946	39 555
Sum	**2 288 422**	**1 150 818**

Note 2 - Antall årsverk

Antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret:	2

Note 3 - Pensjon

Selskapet har ein ytelsesbasert ordning gjennom KLP som tilfredsstiller kravene til tjenestepensjon. Den er ikke balanseført i samsvar med NRS nr 8. Årlig premie anses som årlig kostnad.

Pensjonordning gjennom KLP	2025	2024
Brutto påløpt pensjonsforpliktelse	12 550 187	12 739 887
Pensjonsmidler	13 746 371	13 403 475
Netto forpliktelse eks arbeidsgiveravgift	-1 196 184	-663 588
Antall aktive	2	3
Antall oppsatte	2	2
Antall pensjonister	9	8

Note 4 - Varige driftsmidler og immaterielle eiendeler

	Varige driftsmidler	Immaterielle eiendeler
Anskaffelseskost 01.01.	146 152	336 538
Tilgang i året	0	0
Avgang i året	0	0
Anskaffelseskost 31.12.	**146 152**	**336 538**
Samlede avskrivninger, nedskrivninger og reverseringer av nedskrivninger	-146 152	-336 538
Balanseført verdi per 31.12.	**0**	**0**
Avskrivninger, nedskrivninger og reverseringer av nedskrivninger i regnskapsåret	6 691	0
Økonomisk levetid immaterielle eiendeler		5 - 10
Avskrivningsplan immaterielle eiendeler		Lineær

Note 5 - Bankinnskudd

	31.12.2025
I posten for bankinnskudd inngår egen konto for bundne skattetrekksmidler med	131 417
Skyldig skattetrekk	-131 304
I tillegg inngår ytterligere bundet beløp på	723 502

Note 6 - Annen innskutt egenkapital

Hardangerrådet IKS er et interkommunalt selskap med delt ansvar. Den enkelte deltaker hefter for selskapets samlede forpliktelser med sin ansvarsandel. Deltakernes innskudd er i tråd med selskapsavtalen. Deltakerne plikter ikke å skyte inn ytterligere egenkapital.

Deltaker	Innskutt kapital	Ansvardel
Ullensvang Kommune	48 000	44%
Kvam Herad	26 000	34%
Eidfjord Kommune	10 000	11%
Ulvik Herad	8 000	11%
Sum	**92 000**	**100%**

Note 7 - Kraftlinjefondet

Hardangerrådet fekk tildelt kr 18 106 837 til avbøtande tiltak i samband med kraftlinesaka som oppstod under byggingar av linja Sima Samnanger. Det er laga egne retningslinjer for bruken av desse midlane.

Kraftlinjefondet	2025	2024
Frie midler	320 232	303 483
Disponert til prosjekter	200 000	200 000
Sum	520 232	503 483

Note 8 - Næringsfondet

Hardangerrådet har restmidler fra fylket og utbetaler midlene etter vedtak i Hardangerrådet. Renteinntekt er tilleggesfondet årlig.

Næringsfondet	2025	2024
Frie midler	138 160	142 276
Sum	138 160	142 276

Note 9 - Regionalt kulturfond

Regionalt kulturford	2025	2024
Frie midler	48 280	31 280
Disponerte midler	153 000	245 000
Sum	201 280	276 280

Kontospesifisert årsregnskap

	2025	2024
Resultatregnskap		
Tilskudd og refusjoner		
3000 Salgsinntekt handelsvarer, avgiftspliktig, høy sats	14 914,35	0,00
3200 Salgsinntekt handelsvarer, unntatt avgiftsplikt	12 450,00	14 800,00
3220 Salgsinntekt tjenester, unntatt avgiftsplikt	6,38	530 548,02
3224 HARDANGERKONFERANSEN	240 995,00	0,00
3231 REFUSJONER	1 340 529,00	761 347,00
3410 Tjenester utført for prosjekter	80 000,00	50 000,00
3440 TILSKOT FRÅ KOMMUNANE	2 103 800,00	4 524 265,00
3443 TILSKOT FRÅ VESTLAND FYLKESKOMMUNE	600 000,00	603 000,00
3444 TILSKOT FRÅ ANDRE	130 244,00	81 097,87
3446 TILSKOT FRA SPAREBANKSTIFTINGA HARDANGER	1 250 000,00	500 000,00
3447 TILSKOT FRÅ FJORDVEGEN	254 422,50	210 058,00
3490 PERIODISERING AV TILSKUDDINNTEKTER	614 245,79	-2 087 000,00
	6 641 607,02	**5 188 115,89**
Sum driftsinntekter	**6 641 607,02**	**5 188 115,89**
Prosjektkostnader		
4090 Beholdningsendring	-17 450,00	-45 805,00
4500 Prosjektkostnader	-2 779 500,74	-1 500 000,00
	-2 796 950,74	**-1 545 805,00**
Lønnskostnad		
5000 Lønn til ansatte	-1 705 003,21	-1 061 638,68
5020 Feriepenger	-200 657,96	-136 342,01
5330 Godtgjørelse til styremedlemmer	-57 000,00	-84 000,00
5400 Arbeidsgiveravgift	-202 108,34	-149 290,97
5405 Arbeidsgiveravgift av påløpte feriepenger	-21 269,72	-14 452,25
5420 Innberetningspliktig pensjonskostnad	14 531,17	23 619,71
5500 Annen kostnadsgodtgjørelse	-15 937,99	-8 065,40
5800 Refusjon av sykepenger	0,00	7 716,00
5801 INNBERETNING REFUSJON SJUKEPENGER	0,00	-23 148,00
5802 MOTKTO INNBERETNING REF. SJUKEPENGER	0,00	23 148,00
5850 REFUSJON LØNN IS FJORDVEGEN	47 134,75	491 669,84
5860 REFUSJON PENSJONSKOSTNADER	3 500,00	73 873,00
5920 Yrkesskadeforsikring	-13 174,00	-19 568,00
5945 KOLLEKTIV PENSJONSFORSIKRING	-123 602,00	-262 417,00
5946 INNBERETTET KOLL. PENSJONSFORSIKRING	-123 602,00	-262 417,00
5947 Motkonto - INNBERETTET KOLL.PENSJONSFORSIKRING	123 602,00	262 417,00
5950 Obligatorisk tjenestepensjon (OTP)	-2 163,00	0,00

Kontospesifisert årsregnskap

	2025	2024
5990 Annen personalkostnad	-12 671,37	-11 921,97
	-2 288 421,67	**-1 150 817,73**
Avskrivning på varige driftsmidler og immaterielle eiendeler		
6010 Avskrivning på transportmidler	-6 691,00	-4 014,00
	-6 691,00	**-4 014,00**
Annen driftskostnad		
6300 Leie lokale	-308 197,00	-295 981,00
6340 Lys, varme	-46 676,18	-44 022,22
6360 Renhold	-22 337,34	-21 740,40
6420 Leie datasystemer	-11 379,71	-3 303,45
6551 Datautstyr	-21 603,57	-4 780,00
6552 Programvare anskaffelse	-26 264,10	-23 531,13
6700 Regnskap	-130 988,90	-125 525,50
6701 Revisjon	-30 000,00	-36 252,00
6790 Annen fremmed tjeneste	-33 722,20	-24 810,40
6796 Tilsetjing av ny dagleg leiar	0,00	-131 842,00
6800 Kontorrekvisita	-5 088,28	-2 421,88
6840 Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	-19 004,00	-12 175,25
6860 Møte, kurs, oppdatering o.l.	-202 022,53	-163 492,21
6890 Annen kontorkostnad	-944,00	0,00
6900 Telefon	-17 027,37	-10 087,48
6907 Datakommunikasjon	-10 897,00	-10 680,00
6940 Postkasse / porto	-1 950,80	-283,20
7100 Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	-38 932,00	-22 178,00
7140 Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	-89 749,57	-26 993,75
7150 Diettkostnad, oppgavepliktig	-14 099,00	0,00
7151 Diettkostnad, skattepliktig	-5 139,30	0,00
7160 Diettkostnad, ikke oppgavepliktig	-393,00	0,00
7320 Reklamekostnad	-74 451,20	-48 258,40
7360 Representasjon, ikke fradragsberettiget	0,00	-1 100,00
7402 KONTINGENT IS FJORDVEGEN	-45 000,00	-45 000,00
7403 KONTINGENT KS BEDRIFT	-11 621,76	-17 348,10
7420 Gave, fradragsberettiget	-2 142,40	0,00
7430 Gave, ikke fradragsberettiget	0,00	-2 216,50
7500 Forsikringspremie	-6 387,00	-3 526,00
7740 Øredifferanser	-0,94	0,00
7770 Bank- og kortgebyr	-4 712,85	-3 814,50
7790 ANDRE KOSTNADER	-4 351,99	-4 242,14
7830 Tap på fordringer	0,00	-22 790,00
	-1 185 083,99	**-1 108 395,51**

Kontospesifisert årsregnskap

	2025	2024
Sum driftskostnader	**-6 277 147,40**	**-3 809 032,24**
Driftsresultat	**364 459,62**	**1 379 083,65**
Annen renteinntekt		
8050 Annen renteinntekt	70 223,00	67 908,00
	70 223,00	**67 908,00**
Annen finansinntekt		
8079 Annen finansinntekt	9 854,00	0,00
	9 854,00	**0,00**
Sum finansinntekter	**80 077,00**	**67 908,00**
Annen rentekostnad		
8150 Annen rentekostnad	-607,00	-46,43
	-607,00	**-46,43**
Sum finanskostnader	**-607,00**	**-46,43**
Netto finans	**79 470,00**	**67 861,57**
Årsresultat	**443 929,62**	**1 446 945,22**
+Til disposisjonsfond/-fra disposisjonsfond		
8960 Overføringer annen egenkapital	443 929,62	1 446 945,22
	443 929,62	**1 446 945,22**
Sum overføringer	**443 929,62**	**1 446 945,22**

Kontospesifisert årsregnskap

	31.12.2025	31.12.2024
Balanse		
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner, ol.		
1250 Inventar	0,00	6 692,00
	0,00	**6 692,00**
Sum varige driftsmidler	**0,00**	**6 692,00**
Egenkapitalinnskudd KLP		
1352 EGENKAPITALTILSKUDD KLP	343 602,00	317 089,00
	343 602,00	**317 089,00**
Sum finansielle anleggsmidler	**343 602,00**	**317 089,00**
Sum anleggsmidler	**343 602,00**	**323 781,00**
Varer		
1461 INNKJØPTE VARER FOR VIDERESALG	21 400,00	38 850,00
	21 400,00	**38 850,00**
Sum varer	**21 400,00**	**38 850,00**
Kundefordringer		
1500 Kundefordringer	15 200,00	3 200 394,84
1530 Div opptjent inntekt og refusjoner	29 400,00	0,00
2900 Forskudd fra kunder	0,00	-2 049 000,00
	44 600,00	**1 151 394,84**
Andre kortsiktige fordringer		
1300 FORDRING PENSJON FJORDVEGEN	373 000,00	373 000,00
1301 BETALT PENSJONSFORPLIKTELSE FJORDVEGEN	-373 000,00	-373 000,00
1749 Andre forskuddsbetalte driftskostnader	156 850,00	120 129,00
2740 Oppgjørskonto merverdiavgift	176 166,00	157 031,60
	333 016,00	**277 160,60**
Sum fordringer	**377 616,00**	**1 428 555,44**
Bankinnskudd, kontanter og lignende		
1920 BANK 3450.35.55168	4 412 812,11	3 484 490,05
1926 3450.37.23753 NÆRINGSFONDET	182 727,86	176 843,86
1927 BANK 3450.38.18525 KRAFTLINEMIDLER	520 232,00	503 483,00
1928 ETABLERARFOND 3530.27.85110	20 543,00	14 522,00
1950 Bankinnskudd for skattetrekk	131 417,32	53 041,00
	5 267 732,29	**4 232 379,91**
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende	**5 267 732,29**	**4 232 379,91**

Kontospesifisert årsregnskap

	31.12.2025	31.12.2024
Sum omløpsmidler	**5 666 748,29**	**5 699 785,35**
Sum eiendeler	**6 010 350,29**	**6 023 566,35**

Kontospesifisert årsregnskap

	31.12.2025	31.12.2024
Annen innskutt egenkapital		
2030 ANNEN INNSKUTT EGENKAPITAL	-92 000,00	-92 000,00
	-92 000,00	**-92 000,00**
Sum innskutt egenkapital	**-92 000,00**	**-92 000,00**
Disposisjonsfond		
2050 Annen egenkapital	-3 941 144,34	-3 497 214,72
	-3 941 144,34	**-3 497 214,72**
Sum opptjent egenkapital	**-3 941 144,34**	**-3 497 214,72**
Sum egenkapital	**-4 033 144,34**	**-3 589 214,72**
Andre avsetninger for forpliktelser		
2100 AVSETNING PENSJON FJORDVEGEN	-373 000,00	-373 000,00
	-373 000,00	**-373 000,00**
Sum avsetning for forpliktelser	**-373 000,00**	**-373 000,00**
Kraftlinjefondet		
2951 KRAFTLINEMIDLER	-520 232,00	-503 483,00
	-520 232,00	**-503 483,00**
Næringsfondet		
2950 NÆRINGSFONDET	-138 160,36	-142 276,36
	-138 160,36	**-142 276,36**
Regionalt kulturfond		
2956 REGIONALT KULTURFOND	-201 280,00	-276 280,00
	-201 280,00	**-276 280,00**
Sum annen langsiktig gjeld	**-859 672,36**	**-922 039,36**
Leverandørgjeld		
2400 Leverandørgjeld	-110 679,57	-66 593,88
	-110 679,57	**-66 593,88**
Skyldige offentlige avgifter		
2600 Forskuddstrekk	-131 304,00	-52 927,66
2770 Skyldig arbeidsgiveravgift	-45 479,94	-24 170,48
	-176 783,94	**-77 098,14**
Annen kortsiktig gjeld		
2650 Trukket fagforeningskontingent	0,00	-1 740,00
2785 Påløpt arbeidsgiveravgift ferielønn	-21 269,74	-14 452,25
2940 Skyldige feriepenger	-200 657,95	-136 342,02
2952 MOTTATTE IKKJE BRUKTE TILSKOT	0,00	-843 086,00
2957 UBRUKT TILSKOT UNGDOMSRÅDET	-148 840,21	0,00

Kontospesifisert årsregnskap

	31.12.2025	31.12.2024
2958 UBRUKT TILSKOT TURISTBÅTRUTA PRO 4	-80 000,00	0,00
2960 Annen påløpt kostnad	-6 302,20	0,00
	-457 070,10	**-995 620,27**
Sum kortsiktig gjeld	**-744 533,61**	**-1 139 312,29**
Sum gjeld	**-1 977 205,97**	**-2 434 351,65**
Sum egenkapital og gjeld	**-6 010 350,31**	**-6 023 566,37**

RAMMEBUDSJETT 2026 og ØKONOMIPLAN FOR HARDANGERRÅDET IKS 2026-2030

Prosjekt 1 Administrasjon

Regulering kommunalt tilskott 2025-2026 stipulert til 3%
Regulering kommunalt tilskott 2026-2027 og ut - stipulert til 10%
Årleg auke prosjektinntekter 5% Årleg lønnsvekst satt til 4,5 %

Tekst	Regnskap 2025	Ramme-budsjett 2026	Økonomiplan 2027 - 2030				Endring
			2027	2028	2029	2030	
Driftsinntekter							
Salgsinntekter	14 921	15 145	15 372	15 602	15 836	16 074	opp ca 1,5%
Refusjoner	9 761	-	-	-	-	-	
Kommunale tilskot	2 049 000	2 110 470	2 321 517	2 553 669	2 809 036	3 089 939	25-26 = 3%, 26-27 osv 10%
Inntekt frå Vestland fylkeskommune	600 000	600 000	600 000	600 000	600 000	600 000	
Kompetanseforum Hardanger og Voss	80 000	80 000	80 000	80 000	80 000	80 000	
Prosjekt Fjordvegen Riksveg 13	254 423	-	-	-	-	-	
Andre prosjektinntekter	-	250 000	262 500	275 625	289 406	303 877	Årleg auke på 5%
Andre tilskudd	146 386	-	-	-	-	-	
KLP Voss / Fjordvegen RV 13	120 244	58 344	58 344	58 344	58 344	58 344	35520 Voss + 22824 RV 13
Sum inntekter	**3 274 734**	**3 113 959**	**3 337 733**	**3 583 240**	**3 852 622**	**4 148 234**	
Driftskostnader							
Sum løn og pensjon/KLP	2 094 182	2 496 668	2 609 018	2 726 424	2 849 113	2 977 323	Stipulert til 4,5% i 2026
Prosjektkost lønn	-						
Forventet KLP	-	362 591	350 000	350 000	350 000	350 000	
Sum annan driftskostnad	822 111	870 136	913 643	959 325	1 007 291	1 057 656	Prisvekt kost 5%
Sum kostnader	**2 916 292**	**3 729 395**	**3 872 661**	**4 035 749**	**4 206 404**	**4 384 979**	
Resultat	**358 442**	**-615 436**	**-534 928**	**-452 509**	**-353 782**	**-236 745**	
Sum finans	**79 470**	**99 300**	**101000**	**102000**	**103000**	**104000**	
Sum Overskot (Underskot)	**437 912**	**-516 136**	**−433928**	**-350 509**	**−250782**	**−132745**	
Overført til eigenkapital	-437 912						
Bruk av disposisjonsfond		516 136	433 928	350 509	250 782	132 745	1 684 100
Sum etter disponering	**-**	**-**	**-**	**-**	**-**	**-**	

Hardangerrådet

Arbeidsplan for Hardangerrådet 2026/2027

Handling	Målsetjing	Ønska resultat	Tids-ramme	Ansvarlege	Strategi-grunnlag
Reorganisering	Reorganisering av selskapet i tråd med kommunelova kapittel 17 og 18	Etablering av IPR og IKS	2026/2027	Styret, Rådet og dagleg leiar	Organisatorisk Drift
Interkommunalt samarbeid	Legge til rette og løfte fram områder for interkommunalt samarbeid	Løyse oppgåve løysing på ein kostnadseffektiv og god møte med minst mogleg negative konsekvensar for deltakande kommunar. Styrke lovpålagt oppgåveløysing	Kontinuerleg	Hardangerrådet, Rådmannsforum, deltakande kommunar og administrajon Dagleg leiar HR	Organisatorisk
Presseinformasjon	Få fram viktige tema til innbyggjarane.	Få info på trykk og i radio/TV	Etter kvart	Dagleg leiar og konsulent	Informasjon
Heimeside på Internett Sosiale media	Ajourhald av heimeside www.hardanger.com og sosiale medier	Oppdatere nettsider og sosiale plattformar Informativ og tiltalande heimeside. Forenkla tilgang til saker, møtebøker og nyhende.	2 kvartal 2026 Kvar veke	Dagleg leiar og konsulent + innleigd teneste	Informasjon og drift Markandsføring
Høyringssaker	Gje høyringar for å få fram Hardanger sine samla synspunkt	Påverka avgjerder som er aktuelle for regionen.	Fortløpande	Ordførarane, rådmennene og dagleg leiar. MRK Politisk innspel og godkjenning	Koordinering

Hardangerrådet

Arbeidsplan for Hardangerrådet 2026/2027

Handling	Målsetjing	Ønska resultat	Tids-ramme	Ansvarlege	Strategi-grunnlag
Merkevare Hardanger Paraplymerking av regionen	Administrera dei formelle delane ved prosjektet og lisensiering av brukarar. Jobba med spreiingsarbeidet av MH med logo. I Hardanger brukar MH-paraplyen.	At Hardangermerket vert kjend over heile Noreg og i utlandet. Auka bruk av offentlege og private næringsaktørar	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent.	Informasjon, drift og koordinering.
Samarbeid med kringliggjande Regionråd om politiske og praktiske tiltak av felles interesse	Skapa nettverk og utnytta påverknadseffekten av samspelet mellom regionar. Etablera møteplassar mellom regionråda Særleg fokus på samarbeid med Sogn regionråd	Vedtak og økonomiske ordningar som styrkjer regionen	Ved høve	Rådsordførar og dagleg leiar MRK Politisk innspel og godkjenning	Samarbeid og Koordinering
Kraftsaker i regionen	Arbeida for at kraftressursane vert utnytta lokalt og ikkje ført ut av regionen. Jobbe for etablering av kraftfond i regionen Oppfølging av Grøn Region Indre Vestland	Kraft og kraftressursar til verdiskaping i Hardanger	Kontinuerleg	Ordførarane og dagleg leiar MRK Politisk innspel og godkjenning	Koordinering
Internasjonale Hardanger	Dra nytte av, utvida og utvikla regionen sitt internasjonale arbeid gjennom kommunane, næringslivet og eigne prosjekt Jobbe for EU / Erasmus prosjekt i Hardangerregione	Søkje internasjonale prosjekt	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent, Team Hardanger	Koordinering og næringsutvikling
Hardangerkonferansen	Arrangera Hardangerkonferansen i saman med Næringslivet i regionen	Samhandling i Hardanger om aktuelle tema.	Årleg	Dagleg leiar og Konsulent Programråd	Samarbeid og Koordinering

Hardangerrådet

Arbeidsplan for Hardangerrådet 2026/2027

Handling	Målsetjing	Ønska resultat	Tids-ramme	Ansvarlege	Strategi-grunnlag
Merkevare Hardanger. Rekruttering og identitets-bygging og rekruttering innanfor fruktnæring, lokalmatproduksjon og reiseliv	Styrka merkevare Hardanger. Auka rekruttering og produksjons-volum for frukt, sider og lokalmat-produksjon, Styrka marknadsføring og distribusjonsapparat.	Ei merkevare som styrkjer næringslivet i regionen.	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent	Næringsutvikling Marknadsføring
Fjernarbeid	Legge til rette for fjernarbeidsplassar i regionen	Fjernarbeidsplassar / cleandeskar rundt i regionen Styrka integrering Auka kompetanse om fjernarbeid	2026	Administrasjonen, Team Hardanger inkl. Næringshagane	Næringsutvikling Marknadsføring
Omdømebygging	Styrkja Hardanger sin posisjon som attraktiv bu- og arbeidsregion	Leggja tilrette for tilstrekkeleg tilgang på rett kompetanse til arbeidslivet.	Kontinuerleg	Dagleg leiar og konsulent	Utdanningstilbod Næringsutvikling Marknadsføring
Prosjektarbeid	Fremja Hardanger	Styrka Hardanger som region	Kontinuerleg	Dagleg leiar, konsulent, politisk, Team Hardanger	Samarbeid, koordinering